



Rennesøy skule hadde med seg si eiga sol i Sommarland!

Vått og vel- lykka

– Det hadde vore verre om det hadde regna slik som dette i starten, var dei ei som sa under avslutninga av Sommarlandfestivalen 2004.

Mange reiste heim før den siste store samlinga. Dei hadde ikkje meir tørt tøy!

Tone-Anne Ødegård og John Anton Graff

54 korps, fire kor og eit ensemble deltok i Bø i år. Alle var der dei skulle til avtala tider heile helga. Underholdningskonsertane i Sommarland heldt programmet, sjukeheimen hadde besøk og paradane gjekk i regnveret. Ungane, ungdomane og dei vaksne marsjerte stort sett med rake ryggar, men dei var slitne, dei 10 våte korpsa som gjennomførte til siste slutt. Godt gjort!

Rennesøy skulekorps hadde kanskje mest grunn til å smile under den siste marsjen mot mål, Sommarlandscena, Melvin Tix og avspelinga av «Norge i rødt, hvitt og blått». Rennesøy hadde nemleg med seg det dei trong av solskin, på den fine,

oppmuntrande fana si som lyste opp midt i alt gråveret. Bare sjå på biletet over!

Mellom 60 og 70 turbussar var i bygda frå fredag til søndag. I Gullbring var det fullt hus store delar av helga. Laurdag var 4000 ungdommar samla der, fleire på ein gong enn nokon kan hugse det har vore før. Bladfyken som var innoom diskoteket i hallen, rapporterte om dampande stemning: Ikkje heilt tørre ungdommar i diskodans.

Det dampa i Sommarland også. Radioen meldte at vatnet der heldt 28 grader. Den same radiostemmen sa at det var 10 grader i lufta i Bø, så da måtte det vel bli slik.

Jubileum neste år

Sommarlandfestivalen er nå gjennomført for 14. gang. Hæren av frivillige kan sjå fram til 15-årsmarkering neste år.

– Eg føler meg heilt hjelpeslaus utan ein dugnad å hengje fingrane i, lo ei mor da alt var over. Ho og mange med henne hadde hatt det travelt dei to siste helgene.

Men slikt er jo bøheringane ekspertar på.



Det var fullt i Framstugo!



Sandefjord jentekor, stifta i 1956 med Henrik Valen som dirigent.